



KYRKEBLADET
ORGAN FOR KYRKJELYDANE I HYLLESTAD

Nr 3

2016

67. årgang



Signa Jul og Godt år!

Julebodskap for vår tid

Luk.2,14: *"Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda
blant menneske som Gud har glede i."*

Juleevangeliet er eit studium i kontrastar.

Den store keisar Augustus set alt inn på å sikre si vidare makt. Folket skal skrivast i manntal. Keisaren var lyst guddommeleg av det romerske senatet. Han var som Gud å rekne.

Når dei mektige sine ord vert sagde, må folket lyde. Difor vandrar også Josef og Maria den lange vegen mot Betlehem. I den mørke julenatta tenner så Gud sjølv eit lys, som overvinn mørkret.

Når himmelhæren av englar syng den første julesongen på Betlehemsmarkene, får himmelens Gud den ære han fortener: *"Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i."*

Fattige gjetarar tek julebodskapen på alvor og går like inn til Betlehem. Dei finn barnet i krybba; Guds kjærleik til verda vår: Guds Son frå himmelen, og samstundes frå jorda.

Gjetarane var dei første som fekk del i den store julegleda. Dei tok det dei fekk høyre på alvor. Dei fekk erfare at bodskapen var for alle, ikkje berre dei høge og mektige, men og dei djupast nede.

Også dei mektige må bøye seg for dette, sjølv om dei trur dei har all makt.

"Fred på jorda i dag? Murar og hat er det som rår" tenker vel mange. Opprør og uro, forfølgjing og mishandling. Nett der englesongen lydde første julenatt er det og krig og ufred. Politikarar som snakkar stygt om kvarandre. Me kan lett misse motet og tenke at no går alt gale...

Midt i alt det er det likevel mange i vår verd i dag som gjer som gjetarane: Dei går inn til Betlehem og finn barnet. Dei går mot lyset som Gud har synt oss, og finn meining og håp.

Dei kan ha vore fornedra og langt nede menneskeleg talt, men der, ved krybba, finn dei fred, ein fred som dei ikkje finn nokon annan stad!



Den freden som englane song om første julenatt!

For kort tid sidan var Inger Løvetann Krogh her i Hyllestad og fortalde ungdommane om ein tøff oppvekst. Ho vaks opp i ein alkoholisert heim, ho vart flytta til ein barneheim driven i kristen regi, men opplevde og der mykje vondt. På grunn av overgep og vonde opplevingar, kom ho bort i narkotika, og hadde mange vonde år. Redninga for Inger kom ved å møte omsorgs-

fulle kristne som gjorde at ho fekk kjenne seg verdfull og elska av Gud. Dei hadde tolmod og masse kjærleik! Slike vitnemål er verd å lyte til! For henne er den enkle trua på Jesus alt i dag.

Ein julebodskap for vår tid er når me audmjukar oss for han og bed han inn i livet vårt. Då kan det skje forsoning, og livet får eit forteikn med håp.

I magasinet «Stefanus» (som arbeider for å hjelpe kristne som blir forfølgde for si tru), las eg nyleg om «Hassan» som var klar til å døy i kampen for islam. Møtet med amerikanske kristne vart så sterkt at han stilte spørsmål ved si eiga tru. « Disiplin, respekt og kjærleik var tydeleg tilstades i deira liv. Dei hadde ein unik fred over seg, og brukte å be i Jesu namn,» fortel Hassan. Då han såg kva Jesus hadde gjort på krossen for han, audmjuka han seg og bad om nåde. Og han fekk ein fred inni seg som han ikkje hadde hatt før.

Til sist vil eg nemne guten som kom til oss her i Hyllestad som flyktning frå eit anna land. Han kunne syne merke som bar preg av mishandling. På internett fann han filmar om Jesus og hans liv. Det kunne ikkje sleppe han, og i dag vil han høyre Jesus til. Han såg at den freden Jesus kom med, det er den han og verda vår treng i dag.

Lat oss tenke på det alle, no inn for den store høgtida. Det er ein julebodskap for vår tid. Den freden englane song om ,er ein fred me kan få eige i hjarta. Den vert oss til del ved å opne oss for ein kjærleik som kjem utanfrå, frå himmelens Gud , som ynskjer shalom (fred) for alle menneske. Martin Luther King sa ein gong: "Kjærleik er den einaste krafta som er i stand til å omskape ein fiende til ein ven".

Den krafta treng verda vår. Jesus ynskjer å bu med sin kjærleik hos oss. Det er å ta julebodskapen på alvor i dag!

SIGNA JULEHØGTID!
Audun Systad



Inger Løvetann Krogh

10. -12. nov. hadde me besøk av Inger Løvetann Krogh frå Stavanger. Inger er ei tøff dame som har opplevd sterke ting i livet. Ho seier om seg sjølv :



«Jeg brenner for at ungdom skal få høre vitnesbyrdet om en levende Gud, og hvordan han er i møte med et alminnelig menneske. Livserfaringen jeg bærer med meg har gjort at møtet med Jesus ble utrolig sterkt. Jeg har erfart så mye med ham at jeg ikke lenger lurer på om han finnes. Grunnholdning i alt jeg gjør er: Det finnes ikke vanskelige barn og unge. Sannheten er at de har det vanskelig. På grunn av smertelig livserfaring, brenner jeg for følgende tema: - Møtet med en levende og respektfull Gud, en som lar oss gå i eget tempo. - Alkohol, narkotika og seksualitet. - Betydningen av tilgivelse. «

Me er takksame for at Inger Løvetann tok turen til oss. Ho formidla på ein ekte, roleg, personleg og truverdig måte. Det var så stille når ho snakka at, ja,- me kunne høyrte ei knappenål ramle.☺ Fortida til Inger tilseier at ho skulle ikkje ha levd i dag, så alvorleg og dramatisk har livet hennar vore. Difor gjorde det sterkt inntrykk på oss alle,-fyrst på konfirmantsamlinga torsdag , så på ungdomsklubben laurdag. Ein skjønar at det er Jesus som har skapt den gode forandringa i livet hennar. Det å gå frå mørke til lyset. STERKT!

Kirsten Gravdal Ryland

Minikonfirmantar 2017

Alle de som går i 5. klasse vil i januar få invitasjon i posten til å vere minikonfirmant.

Søndag 29. januar er det bibelutdeling i Hyllestad kyrke kl. 11.00. Denne gudstenesta markerer også starten på minikonfirmantopplegget. Deretter vert det samling 4 onsdagar frå etter skuletid til kl. 16.00 følgjande datoar: 1. februar, 15. februar, 1. mars og 15. mars.

24.-26. mars er det minikonfirmantleir på Alværa saman med andre minikonfirmantar frå Ytre Sogn. På gudstenesta søndag 23. april kl.17.00 vil vi gjere litt ære på dei som har vore minikonfirmantar.



Kyrkjelydsbasaren 2.oktober 2016

Den årlege kyrkjelydsbasaren vart, som dei 3 føregåande åra, halden i Hyllestad kyrkje. Mange hadde funne vegen til kyrkja denne ettermiddagen, om lag 80 i talet. Etter ein kort liturgisk del med andakt, var det ymse programinnslag med m.a; Karine Strandos og Veslemøy Ryland, samt Jostein Ryland og Stewart McCredie. Vidare vart det mat og kaffi og god drøs rundt borda samstun-

des som konfirmantane gjekk rundt og selde årar. Det kom inn kr. 45.830,-. Takk til alle som har bidrege med vinstar, loddsal, loddkjøp og ikkje minst Åfjorddalen bygdekvinnelag som ordna med mat og kaffi på basardagen. Overskotet frå basaren, når utgifter til vinstar og bevertning er trekt frå, går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Barne- og ungdomsarbeidet

er det viktigaste arbeidet i kyrkjelyden, og vi ser at born og unge finn seg til rette og kjenner seg heime i kyrkja. Hyllestad kyrkje har vorte ein naturleg samlingsstad for dei unge når dei møtest til ungdomsklubb annankvar fredag. Ei stor takk til dei frivilljuge som stiller opp for ungdomane våre på denne måten.



Kjekt besøk av misjonskonsulent Ingvald Frøyen

Søndag 16.oktober fekk Hyllestad kyrkjelyd kjekt besøk av Ingvald Frøyen, som er misjonskonsulent i NMS i Sogn og Fjordane. Han har no og eit par turar for året til Mali, der han har kontakt med misjonsarbeidet, som han og kona Rigmor, har stått i tidlegare. Dei var misjonærar der frå 1993-2001. No er ho sokneprest i Naustdal.

I november i fjor kom Mali i søkjelyset, då jihadistar angrep eit Radisson Blu-hotell i sentrum av hovudstaden, Bamako. 140 gjester og 30 tilsette vart haldne som gislar. Ingvald var den gongen i hovudstaden i Mali, og kunne fortelje om dette på lokalradioen. Misjonærane til NMS kjente seg trygge, men heile tida er denne situasjonen ei utfordring for dei



som dei arbeider iblant – fulanifolket i Mali.

Ingvald er i skrivande stund attende i Mali, men kjem heim til jul.

På gudstenesta fekk Kåre Djupvik (biletet) og andre høyre om arbeidet i Mali.

I gudstenesta bad vi denne bøna:

«Vi bed for misjonsprosjektet vårt i Mali, og bed spesielt for tenesta til Ingvald Frøyen. Takk for opninga for kristen forkynning som ein opplever blant fulanifolket i Mali. Takk for at alle

dei nasjonale kristne som NMS har kontakt med, så langt, har vore sparte for vold og overgrep. Vi bed om fred i landet, og om ei løysing på dei mange religiøse og etniske konfliktane. Vern du om Ingvald si teneste.»

P.S.: Etter at dette vart skrive, hende det noko leit i Mali. Den lokale medarbeidaren til NMS i nord, Muusa, vart drepen. Ver med og be for enka og den store barneflokk, skriv Ingvald på Facebook frå Mali!




Nytt konfirmantkull – ein flott bukett

Raymond Mjømen
Elise Systaddal Høydal
Jonas Ness
Anders Ulvik Fleten
Marlene Sognnes Solheim
Øyvind Mathias Siljander
Frida Solås
Haakon Vegar Giil
Magne Akse
Joachim Øen
Linn-Katrin Wolff
Jana Grosse
Daniel Hatlem Engdal
Arlen Nissestad Gjerde
Sigurbjörg Eiríksdóttir
Henrik Bosdal Nesje
Emma Bråstad
Andrine Avedal Hovland



Det skjer på



«Kyrkjelyden i kvardag og fest»

Dette er temaet på kyrkje- og misjonsdagen på Alværa Misjonssenter **laurdag 7. januar kl. 10-16.**

Prost i Nordhordland, Geir Sørebo, vil innleie om temaet. Personar i ulik alder og livsfase er utfordra til å fortelje om «Draumekyrkjelyden min». Det blir samtale og utveksling

av erfaringar. Tradisjonen tru vil vi denne dagen også syngje mykje, ete god mat og få tid til å bli kjent med nye menneske. Temadagen vert avslutta med gudsteneste leia av sokneprest i Gulen, Jens Linde, kl. 14.30. Om ettermiddagen blir det årsmøte for NMS i Ytre Sogn område. Set av dagen allereie no, så du

ikkje går glipp av ein inspirerende dag i møte med andre frå både Sunnfjord og Ytre Sogn. Brosjyre blir sendt rundt til kyrkjelydane, men ein kan melde seg på til Alværa allereie no, telefon 48990661.

Områdeutvalet i NMS

Musikk&

Medialeir

10.-12. februar

4.-7. klasse

Vinterleir

17.-19. februar

2.-6. klasse



Mariahelg 3.-5.mars 2017

For kvinner i alle aldrar

Fredag 3. til søndag 5. mars vert det Mariahelg på Alværa Misjonssenter ved Lavik i Sogn. Det vert ei helg der vi får senke skuldrane og løfte blikket. Opp til 40 damer samlast til andeleg og sosialt fellesskap, kreativ utfolding, påfyll til kvardagane og gode måltid, alt saman i trivelege omgjevnader. Det vert høve for både turgåing, skravling, song og spel, meditasjon og/eller handarbeid i sofakroken. Viktig på Mariahelga er òg at ein ikkje er forplikta til å vere med på alle programpostar, men kan bruke tid til kvile eller

stille stunder, dersom ein føler for det.

Hovudtalar er diakon Annie Andersen, som flytta frå Harstad til Bergen for snart ti år sidan. Ho vart kjent med Bergen i 2004 gjennom å vere student ved NLA, er gift med Odd, og har tre vaksne døtre og to barnebarn. Dei seinare åra har ho hatt stor glede av å sjå nærare på kvinner i Bibelen. Då kan ein stille seg ulike spørsmål som til dømes: kva tyding hadde desse kvinnene for oss den gong og i dag? Kan ein kjenne seg att i Bibelen sine

forteljingar om kvinner? I tillegg har ho gjort eit "djupdykk" i Ruts bok, og ho opplever at den har eit innhald som rommar evangeliet i praksis.

Ho ser fram til å vidareformidle sin kunnskap om dette emnet på kvinnehelga.

Meir informasjon og påmelding: 489 90 661 eller på e-post: alvera@nms.no.

Du finn oss også på facebook. [com/Mariahelg.paa.Alvaera](https://www.facebook.com/Mariahelg.paa.Alvaera).

Velkomen til Mariahelg!



- Når eg blir stor, har eg lyst til å bli lege, seier Lavana (5). Saman med familien har ho funne tryggleik frå IS i leiren Kabarto i Nord-Irak. (Foto: Håvard Bjelland/Kirkens Nødhjelp)

La fleire fylla fem!

Lavana (5) fra Sinjar er på flukt frå IS saman med familien sin. I flyktningleiren Kabarto i Nord-Irak sikrar kyrkjelyden vår saman med Kirkens Nødhjelp reint vatn til 28 000 menneske. Offeret til Kirkens Nødhjelp i jula går til arbeidet med å gje fleire born ei framtid.

Lavana og familien hadde eit godt liv i Sinjar, med eige hus i landsbyen Ger Azir. Så gjekk IS til åtak.

– Vi høyrde skot og bomber og flykta til Sinjar-fjellet. Lavana var berre tre år gamal den gongen, og ho sa heile tida at ho trudde IS kom til å drepa oss, fortel mora Jazia Hassan. Familien miste besteforeldre og ei tante og ein onkel som vart att i landsbyen. Dei veit framleis ikkje kva som skjedde med dei.

– På Sinjarfjellet, der vi var i ni dagar, hadde vi problem med mat og vatn. Vi drakk mjølk fra sauer, fortel Jazia.

No har familien funne trygg-

leik i leiren Kabarto, eit stykke utanfor Dohuk. Her bur 28 000 menneske i kvite telt på rekke og rad, så langt auga kan sjå, midt i den tørre øydemarka. Kirkens Nødhjelp sikrar reint vatn og gode sanitærforhold for flyktningane. Dei gjev også hygieneopplæring til borna.

– Livet i leiren er bra. Eg har fått mange nye vener her, men eg hugsar veninnene mine frå Sinjar. Eg håpar eg får treffa dei att, seier Lavana.

Viktig bursdag

Kvart minutt dør elleve born som enno ikkje har rukke å fylla fem år. 98,7 prosent av desse borna vert fødde i fattige land, og vassrelaterte sjukdomar er mellom dei viktigaste dødsårsakene. Fødselskomplikasjonar, feilernæring, meslingar og lungebetennelse er andre viktige årsaker.

Saman med vår eigen organisasjon, Kirkens Nødhjelp, bidreg kyrkjelyden vår til å sikra ein trygg fødsel, gode helsetenester, reint vatn, ernæring og

tryggleik til born i fattige land og til born som er på flukt.

Å fylla fem år kan samanliknast med å kryssa ei bru. Når ein har fylt fem, er sjansen for faktisk å få veksa opp langt betre

Lavana fylte fem år i flyktningleiren Kabarto

– Når eg blir stor, har eg lyst til å bli lege, fortel ho.

Eit barn er født

I jula feirar vi barnet som vart født i ein stall for 2000 år sidan. Denne jula vil vi også minna om borna som vert fødde inn i vår verd i dag – i fattige land som Malawi og Etiopia, eller på flukt frå krig og liding i Syria og Nord-Irak. Tenkjer du deg på julegudstenesta, vonar vi du vil gje ei gåve til arbeidet vi gjer saman med Kirkens Nødhjelp. Hugs å ta med kontantar til kollekten. La fleire fylla fem!

Lys Vaken

Ein spent gjeng med 11-og 12-åringar kom bærande på sovepose og liggeunderlag/luftmadrass inn i kyrkja ein laurdags ettermiddag i november, trass i at dei skulle vere med på Lys Vaken. For Lys Vaken tyder ikkje at vi skal vere oppe heile natta, men at Gud alltid er vaken og at vi skal vere vakne overfor Gud, kvarandre og oss sjølve.

Etter velkomst, «Lys Vaken-songen» og utdeling av LysVaken t-skjorter, var det kyrkjevandring der alle lærte minst 1 ny ting om kyrkja. Deretter var det tid for leik, pizza, gudstenesteverkstad og kveldsbøn rundt lysgloben. Etter kvart kom laurdagssnopet fram og luftmadrassar og soveposar på plass. Knirkinga frå luftmadrassar og andre uvante lyder, gjorde det ikkje like lett for alle å sove. Men då «LysVaken-songen» lydte over høgtalaranlegget kl. 8.00 søndagsmorgon, var det

imponerende kor lys vakne dei eigentleg var. Med god hjelp frå foreldre, fekk vi pakka, ete frukost, rydda kyrkja og øvd slik at vi var klare i god tid før LysVaken-gudsteneste skulle starte. Lys-Vaken deltakarane prega verkeleg gudstenesta. Dei var med i inngangsprosесjonen saman med dåpsbarnet Eliza og 5-åringar, dei las tekster og bønner som dei hadde laga, tente lys, styrte høgtalaranlegg og powerpoint, deltok i samlingsbøn og song saman med 5-åringane, spelte trommer, hadde drama under preika og sjølvstilt framføring av LysVaken-songen.

Takk til foreldre som hjalp til på ulike måtar, takk til konfirmant Raymond som var saman med oss på laurdagsettermiddag og kveld og ikkje minst takk til alle dei flotte Lys-Vaken deltakarane.

T.L.

Samlingar for dei yngste

I løpet av hausten har 4-, 5- og 6-åringar vore inviterte til samlingar i kyrkja. I tillegg har dei delteke på gudsteneste. 4-åringane bar inn korger med frukt på hausttakkefesten. Då fekk dei Mi kyrkjebok 4 der alle songane som vart brukt på hausttakkefesten står. 6-åringane deltok på familie-gudstenesta i slutten av oktober der dei fekk Mi kyrkjebok 6. Dei var med i prosесjonen, på «Kom, lat oss samlast ved Guds bord og gjera det i stand», lystenning under forbøna og song. Med så mange gode medhjelparar vart det ei «førsteklasses» gudsteneste. 5-åringane var saman med

Vesle og Fredo på kyrkerottesamlingar. I tillegg til filmen om Kyrkjerottene, var det song, samling rundt lysgloben og legobygging. Ivrig bygde dei kyrkje med inventar som stolar, piano, lysestake og alter. Litt meir utfordrande var det kanskje å bygge forteljinga om då Jesus var saman med læresveinane i båten, det vart storm og Jesus stilte stormen.



På LysVaken-gudstenesta fekk dei sin velfortente diplom og kyrkjerotteDVD. Alle samlingane vart avslutta med at vi åt kvelds i lag – knekkebrød, ost og syltetøy.



Base Camp 2016 - 7-9. oktober

Fredag den 7. oktober kl. 19 starta Base Camp 2016 med samling for ca. 45 ungdommar og leiarar i Hyllestad kyrkje. Då hadde alt nokre ivrige ungdommar frå Askøy og Hyllestad rigga kyrkjerommet med stolar, høgtalarar og anna musikkutstyr, og eit svært ungdommeleg lys og lydbilde var kopla opp. Fredag kveld var Maria Oftedal frå Salt Bergen på plass og held andakt for ivrige og lydhøre ungdommar. Ho tok opp temaet identitet som på førehand var valt som ein raud tråd for Base Camp denne helga. Maria er kristen psykologistudent og jobbar spesielt med leiarutvikling og nettverksbygging. Både før og etter andakt fekk vi mykje flott musikk frå lovsongbandet som var samansett av ungdommar frå Askøy, Stavanger og Hyllestad.



Vi var så heldige å få låne Hyllestad skule til overnatting og måltid, og vi er rektor og skuleleiinga stor takk skuldig for dette, fungerte kjempefint og var riktig triveleg for dei ca. 35 som overnatta der frå fredag til sundag. Laurdag var det ny samling i kyrkja kl. 10 med lovsongbandet på plass, og denne gongen var det Chris-Mikal Gustavsen frå Salt



Bergen som held andakt, og som tok opp tematråden vidare frå fredag kveld. Etter andakt og mykje flott song og musikk bar det så avgarde til Kvernsteinsparken på Hyllestad. Her hadde vi, som i fjor, fått låne parken av Kvernsteinsenteret, til ulike aktivitetar på dagtid. Her vart det arrangert ymse lagkonkurransar, og det heile avslutta med grilling av pølser og ei omvisning i parken for mange nyfikne ungdommar. - Så var det tid for ei «nyhending» i Hyllestad, nemleg Boble Fotball !! - Entusiasmen og innlevinga var stor under utøving av denne heilt spesielle sporten, og beina var bokstavigleg både høgt og lågt på dei fleste. Etter ein ekte ungdomsmiddag med Taco på skulen var det ned i kyrkja med song, musikk og andakt v. Chris-Mikal og kvelden vart avslutta med uhøgtidleg moro og ulike innslag frå kreative ungdommar. Sundag var det klart for gudsteneste i kyrkja, denne var open for alle, og der var i overkant av ca. 50 personar tilstades som fekk med seg flott lovsong og Benjamin Vindenes som gudstenesteleiar og med preike for dagen. - Base Camp 2016 vart runda av med litt tårer, men mange smil, og mange ungdommar knytte god kontakt denne helga og lova komme igjen neste år til ny Base



Camp i Hyllestad. - Om lag 60 ulike deltakarar frå Ytre Sogn, Nordhordland og Bergen, var innom Base camp i Hyllestad denne helga.

Stor takk til alle som hjelpa til denne helga, utan gode nattevakter, kjøkkenhjelp og «sjauarar» ville vi ikkje klart å gjennomføre dette flotte arrangementet, og stor takk til Hyllestad skule, Kvernsteinsenteret og idrettslaget som let oss låne bygg og anlegg slik at dette vart ei flott oppleving for alle, og svært god Hyllestadreklame i det flotte haustveret som vi også var vel-signa med.

Med venleg helsing
Jostein Ryland - Soknerådsleiar



Inspirasjonstur til Stockholm

Vi har vore så heldige å fått økonomisk støtte frå Bjørgvin Bispedømme sitt OVF (*Opplysningsvesenets fond*) til oppstart og utvikling av ungdomsklubben Solution Hyllestad. Dette har gjort oss i stand til å tenkje meir utadretta enn før, og gitt oss moglegheit til å reise på aktuelle inspirasjonssamlingar. I år bestemte vi oss for å gje moglegheit for at 6 ungdommar i 16 års alderen kunne få reise på eit større, internasjonalt arrangement, turen gjekk då til Stockholm og Awakening Europe, som gjekk av stabelen 28. til 30 oktober. Turen for ungdommane vart betalt av ungdomsklubben sitt prosjekt, for reise og opphald, medan dei vaksne som fekk vere med tok dette som ein privat inspirasjonstur frå eiga lomme, vel verd kvar krone. Fredag ettermiddag stilte vi i Friends Arena i lag med ca. +15.000 andre forventningsfulle frå store deler av Europa. Vi fekk denne helga inspirerende talar frå Todd White, Heidi Baker, Ben Fitzgerald og Joakim Lundquist, samt musikk av Jake Hamilton, Jeremy Riddel og mange fleire av dagens mest populære kristne musikkband. Det å få vere i lag med så mange menneske i alle aldrar og høyre sterke vitnesbyrd om Jesus, og å sjå kor glade alle rundt oss var, ja det var ei stor oppleving både for våre ungdommar og oss noko eldre,



som fekk vere med på tur.

Og jentene som var med, har disse kommentarane:

«Vi synest at helga var kjempebra. Det var kjekt å vere mange i lag å dele denna opplevelsen, og møtene var virkelig inspirerende»

«Awakening va ei utruleg kjekk helg! Vi har vore på lignande arrangement før, som radiance og Jesusfesten, forskjellen var at her var vi mange fleire samla. Helga innehalda blant anna song, andakter og outreach. Helga var rett og slett herleg og inspirerende. Vi hadde det så utruleg kjekt, og gler oss allereie til Praha neste år!!»

«Vi fekk møte mange flotte folk med gode og sterke vitnesbyrd»

Tusen takk til alle som gjorde denne turen mogleg!

Helsing: Mari Dale Salbu

– Gina Marie Bjørnstad –

Vilde Mary Dingsøy Holme

– Adrianne Lavik Akse –

Veslemøy Gravidal Ryland –

Karine Strandos.

...og takk for at vi fekk vere med: Kirsten og Jostein Ryland.





Ved konfirmanntimen torsdag 10. nov. overrekte konfir- mant Haakon poka- len til prest Audun, som vil plassere den på kyrkjekontoret fram til neste natt- cup! Han sa at han var stolt og glad over den fine konfir- mantinnsatsen. Han minna om at det viktige er å delta , ha eit godt fellesskap og å støtte ei god sak. Men godt gjort er det at ein så liten stad som Hyllestad / Lavik, kan ta den fine pokalen heim!

Nattcup

Gullet kom heim til Hyllestad og Lavik

Fredag 28.oktober, sette 28 spente konfirantar seg på bussen mot Førde. Det var tid for årets høgdepunkt, nemleg nattcup 2016.

Konfirmentane 2016/2017 er ein ekte fotball- gjeng. Dei var så mange at vi i år kunne stille med to gutelag og eitt jentelag. Som lagleiarar stilte Lage Langedal og Emil Espeland, og som forelder blei Kari Hilde Ulvik med.

Etter eit forrykande opning show med song, latter, tryllekunster og lovord, var alle dei 600 konfirmentane som var samla i Førdehuset, klare for ei natt med fotball og moro. Alle laga spelte 4 innleiande kampar. Gutelaget Hyllestad/Lavik 1 vart slått ut etter dette gruppespelet. Men jentelaget spelte seg heilt fram til semifinalen, men då måtte dei gje tapt. Det andre gutelaget spelte seg igjennom heile natta, og når klokka slo 6:00 på morgonkvisten, hadde dei sin siste kamp. Førde laget kjempa hardt i mot oss, men etter ein nervepirrande straffekonk vart det avgjort. Hyllestad/Lavik 2 kunne ta i mot vandrepokalen og skinande medaljar.

I løpet av natta vart det nokre pausar i frå fotbal- len. Dette gav ungdomane tid til ein pust i bak- ken, og til å bli kjent med andre kjekke ungdom- mar. Ved midnatt vart det arrangert midnatts- gudsteneste ved prest Knut Arne Kummeneje frå Fjaler og Deciding/Førde ten-sing. Etter dette opna miljøtorget, der ungdommane kunne kople ut med brettspel, singstar, FIFA og bordtennis. Symjehallen var også open igjennom natta, slik at dei som ville plaske litt i vatnet kunne gjere dette.

Inntektene i frå årets globalaksjon, i regi av

KFUK-KFUM, skulle gå til Sri Lanka YMCA. Dette hjelte alle konfirmentane til med, gjennom sal av ansiktsmaling, vaflar, klemmar, bokseasting og mykje anna moro.

Etter at gruppespelet var ferdig, var det tid for utdeling av pizzabollar til alle deltakarar. No byr- ja gjengen å bli skikkeleg trøtte, men når klokka var 3:00 var det tid for «Time-out» i storsalen. Då blei det show med illusjonisten Ruben Gazki. Nokre nytta nok høve til å blunde litt under sho- wet, mens vi andre følgde med på magien på scena.

Etter ei vellykka og kjekk natt, sette 28 trøtte og slitne ungdommar seg på bussen heim til Lavik, Bjordal og Hyllestad. Årets «happening» var over, og mange nye minner hadde blitt skipa og lagra i harddisken.

Anders Ulvik Fleten og Kari Hilde Ulvik



Tårnagenthelg

11.-12. februar er det tårnagenthelg. Det er samling i Øn kyrkje laurdag frå 15.00 til 19.00 og i Hyllestad kyrkje søndag frå 09.30 til etter gudstenesta/kyrkjekaffi. Alder : 2.-4. klasse. Invitasjon kjem i posten.

50-års konfirmantar samla

21. august

Det var to kull samla i Hyllestad kyrkje søndag 21. august. Kullet som var konfirmert i 1965, var det siste kullet sokneprest Olav Bruknapp konfirmerte. 1966-kullet vart konfirmert av misjonsprest Knutsen-Øy, som var vikar eit års tid i Hyllestad. Omlag halvparten av «gullkonfirmantane» møtte fram. I gudstenesta vart dei presenterte, og fortalte litt om minner frå denne tida. Ein av salmane denne søndagen var «Med Jesus vil eg fara», som også høyrde med i konfirmasjonstida. Kirsten og Jostein Ryland song, og sa litt om konfirmasjonstida og ungdomsklubb i dag i Hyllestad.

Etter gudstenesta hadde dei ei triveleg samling på Hotell Sognefjord i Leirvik. Kyrkjetenar Gunvor Instefjord, sjølv jubilant, var med å «trekke i trådane» (saman med prest Audun) slik at jubileet kunne bli ein realitet.



1966 kullet: Framme frå v. Oddny Raasberg Amundsen, Berit Handal Fjeld, Iris Marie Lien (Løvås), Audbild Oddny Dale, Bak frå v.: Bjørg Systad, Svanbild Johanne Avedal (Bråstad), Edny Sofie Havro (Birkeland), Anne Margrete Eide (Hovland), Audbild Norunn Solheim (Birkeland), Helge Brynjar Hestvik, Grete Johannessen (Bårøy), Kjell Sigbjørn Stene.



1965 kullet: Frå venstre: Sigrunn Elisabeth Furset (Tveit), Astrid Skår (Bråstad), Audun Oppedal, Oddbjørg Julie Sætre (Tonning), Sigfrid Astrid Lekva Pedersen, Gudny Rolfsnes (Salbu) og Gunvor Karin Instefjord



Sørbøvåg bedehus – auksjon og avhending

I forige kyrkjelydsblad, stod det om prosessen med avhending av bedehuset. No kan ein melde at dette er i ferd med å bli slutført. Håkon Giil har leia avhendingsstyret, og fortel om mykje arbeid, men er glad for at det fekk ei god slutføring. På ein nydeleg haustdag, 22. oktober, var det halde auksjon. Bedehuset var fylt av utstyr, som var nummerert og godt oppstilt, slik at dei mange fram møtte, kunne sjå og bestemme seg for kva dei ville by. Sjølv auksjonen vart leia på stødig vis av Jostein Ryland, og latteren sat laust. Kirsten m.fl. var med å legge alt godt til rette. Nokre ting gjekk billig, men til dømes mjølkespann med kaffisil var det mange som var interessert i! Vel 15000 kr. kom inn på auksjonen. Utanom er der og ein god del midlar, som mellom anna har kome inn gjennom bedehusforeininga sitt arbeid opp gjennom åra. Midlane skal i hovudsak fordelast slik: 1. Til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. 2. Søndagskulearbeidet som er under planlegging i Hyllestad kyrkje. 3. Vedlikehald av Øn kyrkje.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no



Helgemesse

Sundag 6.nov. var det Helgemesse. I førekant var det sendt ut innbyding til pårørende som har mist nokon av sine kjære sidan sist helgemesse. I gudstenesta denne dagen var koret «Balsam» med, dei hadde eit opplegg med utdrag frå «Sommerlandet» som Eyvind Skeie skreiv i samband med eit barnedødsfall i nær venekrins. Det er ei samling sterke songar og forteljingar som høver godt til denne dagen. Veksling mellom song og forteljing gjev rom for kvar einskild til å kjenna seg fram i sorga på sin måte. I tillegg vart dei som var gravlagde sidan sist helgemesse nemnde med namn og eit lys vart kveikt i lysgloben for kvar eiskild.

Attendemeldingar tyder på at dette vart ei god stund for dei vel 50 frammøtte. Takk til «Balsam» for god medverknad i år og.



Gåve til barne og ungdomsarbeidet

I kyrkjebladet les du om det gode arbeidet blant barn og unge i Hyllestad sokn. Vi tørr minne om dette viktige arbeidet sitt bankkonto-nummer, og er takksam for gaver. På gaver over kr 500 kan du få skattefritak, men då må du føre fødselsnummert ditt på innbetalinga.

Barne og ungdomsarbeidet: 3705 30 96396

Nyttårskonsert i Hyllestad kyrkje, søndag 22.Januar -2017, Kl. 15:00

Norges Korforbund Sogn og Fjordane (NKSF) har på sin handlingsplan at dei skal synge for ei god sak. Så for 3 år på rad ynskjer dei å arrangere konsertar. I 2017 skal deler av overskotet gå til Røde Kors. NKSF skipar denne dagen til konsert i Hyllestad kyrkje og i tillegg

vert det konsertar to andre stader i fylket og. Det vert deltaking av ymse kor frå vårt område; Sunnfjord-Ytre Sogn. Deltakaroversikt er enno ikkje klar, men dato er sett og «Fjordklang» står som teknisk arrangør. Det vert høve til å få kjøpt seg kaffi og noko å bita i. Vi vonar mange finn vegen til Hyllestad kyrkje denne ettermiddagen.

Den gode arven frå Martin Luther

Den 31. oktober 1517 slo Martin Luther opp sine 95 teser mot avlatshandelen. Dermed starta den rek-
kja av hendingar som vi i dag kallar «reformasjonen», og som kom til å endre, ikkje berre kyrkjelivet, men også samfunnslivet i Europa på fleire måtar.

Bortsett frå kristninga av Noreg rundt år 1000, er det inga anna hending som har hatt så mykje å seie for kva vi nordmenn trur og korleis vi lever saman som akkurat reformasjonen. Det er derfor all mogeleg grunn til å markere 500-årsjubileet for denne hendinga i 2017.

Den store oppdaginga

I dette jubileumsåret skal vi takke for og fornye det aller viktigaste i arven frå Martin Luther, nemleg gjenoppdaginga hans av evangeliet om Guds nåde. Etter lang tids kamp fann han fram til at vi ikkje blir rettferdige for Gud ved våre gode gjerningar eller ved å vera særleg fromme, men berre på grunnlag av Jesu liv, død og oppstode. Og vi får ta imot dette som ei gåve gjennom dåpen og trua. Luther skildrar seinare i livet det sentrale i sitt reformatoriske gjennombrøt slik: «....at vi ikkje ved gjerningar, men gjennom trua på Kristus blir rettferdige og sæle».

Senk skuldrene

Dette evangeliet om nåden er ein god bodskap også for menneske i vår tid. Mange, og ikkje minst ungdom, opplever å bli møtt med både eigne og andre sine forventningar om å lukkast med skule, karriere, ut-
sjanad og sosial status. Her blir

kvar "sin egen lykkes smed". Summen av alt dette kan lett opplevast som nådelause krav, og mange kjenner at dei kjem til kort og strevar med å finne ei meining og eit grunnlag for livet som held, anten dei lukkast eller ikkje. Til dei som kjenner det slik, trur eg Luther ville ha sagt: Senk skuldrene, rekk fram dine tomme hender, og ta imot det Gud vil gje deg: Nåde, tilgjeving for syndene, og eit liv i fellesskap med Gud som varer også etter døden. Gud er miskunnsam mot oss, og vi er alle kalla til å gje Guds miskunn vidare i ord og handling. Være gode gjerningar er i høgste grad nødvendige, men dei skal ikkje gjerast for å vinne fortene og frelse hos Gud, men fordi medmenneska våre treng dei.

Viktige impulsar for det norske samfunnet

Arven etter Luther og reformasjonen inneheld også mykje

meir, for eksempel hans lære om at alle kristne har ansvar for livet i kyrkjelyden, og at det kristne livet skal levast på den staden vi er sett i verda og ikkje i klosteret. Her ligg sterke impulsar som har vore viktige for at det norske samfunnet i dag er prega både av demokrati og ein stor grad av likskap. På den andre sida er ikkje alt Luther sa og gjorde like verdi-
fullt. Det gjeld særleg det hat-ske utfallet hans mot jødane på slutten av livet sitt. Dette må vi i dag ta eintydig avstand frå og beklage.

Men mest av alt skal vi i 2017 lyfte fram og forkynne det evangelium som frigjorde Luther og som også kan frigjere oss: Frelsa kan berre Gud gje oss, ufortent og av nåde. Det viktigaste i livet er ikkje kva vi får til, men kva vi får.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



FOTO JENS ELDØY

Lutherfestdagar i Reformasjonsbyen Bergen 3. -7. mars 2017

I 2017 skal Luther og reformasjonen markerast over heile verda. Bergen har status som Noregs reformasjonsby og inviterer til Lutherfestdagar 3. – 5. mars.

Den 31. oktober 2017 er det 500 år sidan den tyske munken Martin Luther offentliggjorde sine berømte avlatstester i Wittenberg, noko som skulle vise seg å forandre store deler av verda. Reformasjonsbyen Bergen er Noreg sin representant i eit nettverk av 68 europeiske byar.

Vi vil:

- synleggjere spor av reformasjonen i samfunnet,
- Feire dei gode fruktene av reformasjonen
- Gje impulsar til debatt om våre samfunnsverdier

Bli med på festen og få med deg dette (førebels program):

Fredag 3. mars:

Luthernatt: SalmeFest i Domkirken, Historiske vandringar i reformasjonsbyen, Omvising i Kirkekunstsamlingen på Universitetsmuséet, Thank God it's Friday (TGIF) ungdomstreff i St. Jakob, Preike- kappleik på «Østre», Forteljarteater – Helga Samset og Arve Henriksen, Konsert –Improvisasjon over reformasjonens musikalske arv på «Østre».

Laurdag 4. mars:

- Reformasjonsbussen på Torget - til randa fylt av historier frå si europeiske reformasjonsløype.

Kl. 11 - Lutherland opnar i Nykirken/Barnas Katedral

Kl. 13 - Offisiell opning av Reformasjonsbyen Bergen på Torgalmenningen med Salmestafett frå kl 12.30.

Kl. 15 - Et samfunn i oppbrot - kva gjer det med oss? Samtale om reformasjonens verdier i Universitetets Aula

Kl. 20 - Jubileumsframsyning i Johanneskirken – kor, orkester, band, solistar

Kl. 22 – Nachspiel/konsert for ungdom i St. Jakob kirke

Sundag 5. mars:

Kl. 11 - Barnas festgudsteneste i Nykirken – Barnas Katedral

Kl. 11 - Festgudsteneste i Domkirken med framføring av Reformasjonskantaten av Bach.

Kl. 13 - 14 - 15 - KODE sin religiøse kunst - omvising

Kl. 16 – Har vi mista vårt medvit om kulturarven? Debatt på Litteraturhuset

Kl. 18 - Tysk gudsteneste – replika frå 1897 - Mariakirken

Progressive protestantar? - Lutherforskningsdagar

Mandag 6. mars:

Kyrkjekunst før og etter reformasjonen.

Konferanse og folkemøte

Tirsdag 7. mars:

Reformasjonen - ei vellukka eksportvare?

Konferanse og folkemøte

Misjon – diakoni – bistand

Med atterhald om endringar

Prosjektleder Ragna Sofie Grung Moe, rm548@kyrkja.no

Logo for
Reforma-
sjonsbyen
Bergen –
ill: Marvin
Halleraker.



Teser i tida – ei dør for publisering av aktuelle påstandar

Har du ein påstand du vil ha fram? Noko som ligg deg på hjarta som du vil diskutera? I heile 2017 vil organisasjonar, institusjonar og folk flest få presentert sine "teser" på frukostmøte, i byrom og på nett. Det er Reformasjonsbyen Bergen 2017 som står bak dette saman med Kirkens bymisjon.

Forteljinga om reformasjonen startar med at Luther slo opp tesene sine på kyrkjedøra i Wittenberg i 1517 og starta ein offentlig debatt. Med prosjektet «Teser i tida» ynskjer Reformasjonsbyen Bergen å skape ein arena for open debatt om aktuelle samfunns-spørsmål, inspirert av reformasjonen.

Les meir på kyrkja.no/bjorgvin

Kjekt å få besøk fra Fiji

Tysdag 16.august fekk kyrkjelyden besøk frå Fijioyane, Ane og Bjarte Haugstvedt, som fortalde om det dei opplever der gjennom engasjementet i Ungdom i oppdrag. Dei fortalde frå reiser i arbeidet sitt som lege og sjukepleiar, frå skulen, kyrkja og miljøet elles; i ein helt anna kultur. Elles var dei i dramatiske omstende midt i ein syklon ved juletider- Det gjekk bra med dei, men det var ikkje sjølvstekt. Familien Høberg som var på Fiji i fjor, var med og kunne formidle sine opplevingar. Borna framførte ei artig lokal danseoppvisning Det var flott, med rundt 60 personar frammøtte, på denne fine sommarkvelden. Lat oss hugse familien Haugstvedt i bønene våre.



Song-gudsteneste i Bø kyrkje

Onsdag 9.nov. var det song-gudsteneste i Bø kyrkje. Tema var salmediktaren Matias Orheim. Der fekk vi synja 4 av dei 5 Orheim-salmane som står i den ny salmeboka. Godt å få vera med å dela den salmeskatten som Matias Orheim har gjeve oss. Takk til Håkon S. Giil for eit godt og fengslende kåseri om forkynnaren og salmediktaren, der han avslutta med Anders Hovden si helsing til Matias Orheim sin 50-års dag i 1934:

*Du stavrar blind i grendene her vest,
Men er ein sjåar, vigd av Gud til prest.
D'er du som ser, når mang ein tumlar blind
Med opne augo og 'kje vegen finn.
Då finn du utan trivling lei og veg,
For Herrens eigen engel leder deg.*

*Ein kvardagskristen det du sjølv har sagt.
Men Gud han har deg kledd i Arons drakt.
Høyr, lydt i landet tonar dine kvad,
Med djupe tonar frå di strengerad.
Gud signe deg, som ung din Frelsar fann.*



Velkomen til kyrkja i jula - lysets høgtid

I skrivande stund er det berre nokre få dagar til 1.søndag i advent og lysmessa i Hyllestad kyrkje. I dette bladet er det bilete frå konfirmantane sin medverknad der. Profetiane om han som skulle komme til jord lydde, og me song:

I mørkret ved vår side står, han som steg ned i våre kår. Hvert adventslys skal minne om at Jesus, lysets Herre, kom

Så fortset markeringane både i heim, skule og kyrkje, med avslutningar, julekonsert og gudstener.

Torsdag 15. des. kl. 10 er det skulegudstene for heile Hyllestad skule. Det vil bli elev-medverknad både med spel, song og lesingar. Denne gudstene er open for alle. Vi håpar også i år på ei fin stund i kyrkja.

Onsdag 21. des.kl. 10 er det Hyllestad barnehage sin tur å komme i kyrkja. Då er det veldig god plass for andre å komme. Så hjarteleg vel møtt!

Julafta 24. des.vert det gudsteneste først i Øn og så i Bø, tradisjonen tru. Julafta er jo blitt den store gudstenestedagen i landet vårt, og lagt opp som familiegudsteneste. Reidun Porten og Gaute porten Øen medverkar på kornett i Øn, og Roy Harald Brendsdal på baryton og Elisabeth Sowerby Dale, song, i Bø. Dei vert og med dagen etter

1. juledag kl. 12 i Hyllestad kyrkje. Det er ei høgtidsgudsteneste, der korgruppa Balsam medverkar med sang, også i liturgien med den utvida lovsangen. Den som vil ha med ei gudstene som går i djupna på innhaldet, er denne den rette. Denne gudstene skulle gjerne vere enno meir besøkt, så tenk på om ikkje du og skal komme dette året!

2, juledag kl. 11.30 er det Eiklund sjukeheim – og omsorgssenter som får besøk. Denne gudstene er ikkje berre for bebuarar og tilsette der, men open for alle. Her og vert Elisabeth Sowerby Dale med. Hjarteleg vel møtt!

I år vert det ikkje gudsteneste i nyårshelga i Hyllestad, men vi kjem sterkare att utover nyåret.

Song, bøn og felleskap i Hyllestad kyrkje

Sidan slutten av mai har det vore samlingar i Hyllestad kyrkje med song, bøn og felleskap. No er desse samlingane onsdagar kl.19.30, om ikkje det er andre arrangement. Dette kom fram som eit ønskje på Tid-for-tru-kveldane i fjor vår. Det har variert med frammøte, men ein trufast flokk har samlast. Ein trur det er viktig for ein kyrkjelyd at det er nokon som ber. Ein vil fortsetje også på nyåret med slike samlingar.

Nokon onsdagar vil det bli kvardagsgudsteneste med forskjellig innhald.

Onsdag 18.januar (NB kl.17.30). Barnegudsteneste . Toril Lange har ansvar

Onsdag 15.febr. kl.19.30. Ungdom har ansvar

Onsdag 15.mars kl.19.30: Kyrkjelydsfest for heile kyrkjelyden . Soknerådet har ansvar.

Kyrjekaffi

I haust har det vore kyrjekaffiar på mest alle gustenestene. Det er eit ønskje frå gudsteneste- og diakoniutvalet. Ofte har det vore berre kjeks, kaffi og saft. Andre gonger har nokon baka . Tusen takk til dei som har delteke på denne måten.

Det verkar som om folk gjev seg bra tid og pratar saman etter gudstenestene, og det er nett-opp litt av meininga!

Songgudstener

I Øn kyrkje vert det ei songgudsteneste 8.jan kl.11. med forskjellige aktørar. Ein hadde god erfaring med ei tilsvarende i september.

5.mars kl.19.30 vil det bli ei gudsteneste med songar frå Bill Gaither sitt vide reportar. Kirsten og Jostein Ryland tek ansvar der. 26.mars kl.11 vert det ei gudsteneste i Øn kapell.

Sunnfjord Gravferdsbyrå

*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggningsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



HAVYARD

Improving life at sea

SPAR



Hyllestad

ÅPEN 09-19 (16)



HAFS Elektro & Rør AS

Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Byggbmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender finn de til ei kvar tid på vår heimeside:
www.hyllestad.kyrkja.no

24. des:	kl. 14:00	Øn kyrkje
	kl. 16:00	Bø kyrkje
25. des:	kl.12:00	Hyllestad kyrkje
26. des:	kl.11:30	Eiklund
8. jan:	kl.16:00	Øn kyrkje - Songgudsteneste
18. jan: (onsd.)	kl.17:30	Hyllestad kyrkje – kvardagsgudst. Born
22. jan:	kl.11:00	Alværa misj.senter Konf.leir.
	kl. 15:00	Hyllestad kyrkje
		Nyttårskonsert, Arr.: Fjordklang og NKSF
29. jan:	kl.11:00	Hyllestad kyrkje Utdeling av biblar. Minikonf.pres.
5. febr:	kl.11:00	Bø kyrkje
12. febr:	kl.11:00	Hyllestad kyrkje Såmannssøndag- Tårnagenthelg?
15. febr: (onsd.)	kl.19:00	Hyllestad kyrkje.Temagudsteneste - ungdom
19. febr:	kl.11:00	Øn kyrkje
5. mars:	kl.19:30	Hyllestad kyrkje. Songgudsteneste m. Gaither-innslag.
12. mars:	kl.16:00	Bø kyrkje
15. mars: (onsd.)	kl.19:00:	Hyllestad kyrkje, kvardagsgudst. /temagudst.
		Kyrkjelydsfest og kyrkjelydsmøte.
26. mars:	kl.16:00	Øn kapell
2. april:	kl 18:00	Samtalegudsteneste i Hyllestad (saman med Lavik)
13. april: (Skjært.)	kl.16:00	Øn kyrkje
14. april: (Langfr.)	kl. 11:00	Bø kyrkje.
16. april: (Påsked.)	kl. 11:00	Hyllestad kyrkje
17. april: (2.Påsked.)	kl.11:30	Eiklund sjukeheim – og omsorgsbustader
23. april:	kl.17:00:	Hyllestad kyrkje. Påskesanggudsteneste med born Utdeling av diplom minikonf.

Glede og Sorg

Døyppte:

Hyllestad: Johannes Strandos Solheim
Eliza Ivanus

Øn: Teodor Avedal Ulvik

Vigde:

Hyllestad: Ida Solheim og Egil Gangstø
Renate Madelen Atterås og
Børge Urnes

Gravlagde:

Øn: Hans K. Horne f.1926
Jakob Olav Eide, f. 1930


Bø: Herborg Petra Espeland f. 1926
Ruth Margrethe Bøe, f. 1928

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Vakttelefon i Sunnfjord prosti

Kvardagar etter kl 17:00 og på helge- og høgtids-dagar er det alltid ein prest i prostiet med beredskapsvakt.

Vakttelefonen skal nyttast om ein har bruk for prestetenester som ikkje kan vente, t.d. ved dødsbod, soknebod for døy- ande eller i andre kritiske situasjonar. Telefonnummer til vakttelefonen er **95483152**

Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefontid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiar/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tigjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemmer:

Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Liv Kristine Solheim
Steinar Urnes
Brit Inger Skaar

Varamedlemmer:

1. Odd Takle
2. Reidun Skår
3. Joakim Systaddal
4. Rune Risnes
5. Olaug Brendsdal